

Paul Are Ljosnes kvalifiserte seg til VM.

09.06.2017

At Paul Are Ljosnes er ein dyktig bilmekanikar, har vi som kjenner til denne utflytte uskedelingen visst. No har han verkeleg gjort ein stor prestasjon som beviser dette for alle og einkvar. I går vann han NM i Oslo, og med det kvalifiserte han seg til å vera Norge sin deltakar i VM i Hyundai World Skills i Seoul i Sør-Korea i oktober.

Det er ein svært glad bilmekanikar vi kontaktar på telefon i Oslo dagen etter at sigeren i NM var klar.

- Ja, dette er i grunnen heilt surrealistisk. Eg har snakka med ein som var med i fjor og har fått vita litt om kor store greier det er. Det vert deltakarar frå heile verda, og land som Kina, Korea og Russland stiller med fleire deltakarar, sa han før han fortalde om kva som hadde ført han til dette målet. Dei hadde først hatt to innleiande rundar med med tekniske spørsmål om Hyundai, alt frå det grunnleggjande til det spesielle. Etter desse rundane vart dei 6 beste plukka ut til finalen i Oslo. I finalen fekk dei 6-7 oppgåver, og dei vart prøvde i både teoretiske og praktiske oppgåver. Då resultatata var klare var det uskedelinge Paul Are som kunne jubla over sigeren. Sigeren inneber at han skal representera Norge i VM i Sør-Korea i oktober. Han som vart nr.2 i konkurransen, får vera med i EM i Frankfurt til neste år.

Paul Are Ljosnes jobbar no hos Nils Sørhaug AS i Haugesund. Der har han vore i to og eit halvt år, og han rosar både arbeidsmiljøet og dei gode kollegaene. Han fortel at dei ikkje sel merket Hyundai lenger. Det er Mazda dei har salg av, men dei er verkstad for begge bilmerka. I NM var Paul Are einaste finalist som kom frå eit firma som ikkje hadde salg av Hyundai.

I Kvinnherad kjenner vi Paul Are frå mange år som bilmekanikar hos Dimmelsvik Bil AS. Det var der han starta som lærling, og han var på denne arbeidsplassen i 9 år.

- Ein fantastisk arbeidsplass med gode og dyktige arbeidsfolk, rosar den nykåra NM-vinnaren sin tidlegare arbeidsplass. No bur han altså i Haugesund med sambuar frå Omvikdalen og familie.

Vi gratulerer den støvande kjekke karen med den store bragden!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat